



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 11.06.2018

Sak nr.: 16/9296-28

Internt l.nr. 30741/18

Sak: 27/18

Tittel: **Flytting av endestopp for Sognebåten. Ev. styrka rutetilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår Hovudutval for Samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding.

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sognebåten held fram som i dag, med endestopp i Sogndal.
2. Rutetilbodet mellom Flåm og Balestrand vert ikkje styrka, jf. saksframstillinga.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Noralv Distad, Høgre: Sognebåten får endestopp Flåm frå 01.10.2019.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot framlegget frå Noralv Distad. Noralv Distad sitt framlegg fekk 3 røyster og fall. Noralv Distad og Bjørn Hoddevik, begge Høgre, og Arnstein Menes, Senterpartiet, stemde for framlegget frå Noralv Distad. Fylkesrådmannen sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding.

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sognebåten held fram som i dag, med endestopp i Sogndal.
2. Rutetilbodet mellom Flåm og Balestrand vert ikkje styrka, jf. saksframstillinga.